

Vedtekter for Oikos - Økologisk Norge

Vedtekter for Oikos – Økologisk Norge, vedtatt av landsmøtet i Aurland, mars 2013.

§ 1 Organisasjonen sitt namn og sete

Namnet til organisasjonen er Oikos - Økologisk Norge. Oikos har sete og verneting i Oslo.

§ 2 Føremål

Oikos - Økologisk Norge er ein landsdekkjande, ideell medlemsorganisasjon som skal arbeide for å fremje måla og idégrunnlaget i økologisk landbruk. Organisasjonen skal vere ein leiande organisasjon for økologisk samfunnsutvikling. Organisasjonen skal styrke det økologiske miljøet i Noreg, også gjennom eit internasjonalt engasjement.

Dette skal gjerast ved å:

- vareta forbrukarane sine krav til mat, helse og miljø
- arbeide for best mogelege rammevilkår for økologisk landbruksproduksjon
- skape interesse og entusiasme for økologisk livsstil og ernæring
- betre omsetnings- og marknadstilgangen for økologiske landbruksprodukt
- spreie informasjon om økologisk landbruk
- fremje rekruttering til økologisk produksjon
- betre kunnskaps- og kompetansenivået ved satsing på auka forsking, undervisning og vidareutvikling av økologisk landbruk
- styrke samarbeidet mellom aktørar innan næring og miljø, og mellom bønder og forbrukarar

Oikos skal vere ein partipolitisk nøytral organisasjon. Oikos skal ikkje ha økonomisk overskot som føremål. Eit eventuelt overskot førast tilbake til saker som ligg innanfor organisasjonen sitt føremål.

§ 3 Medlemskap

Alle som sluttar seg til føremålpagrafen, kan vere medlemer av organisasjonen. For å bli medlem må ein betale ein årleg kontingen fastsett av landsmøtet. Medlemskapen er direkte og personleg. Personar som deler husstand med ein medlem av Oikos, kan få medlemskapen til redusert kontingen, men vil då ikkje motta organisasjonen sitt magasin og informasjon. Pensjonistar, studentar og lågtlønna betalar redusert kontingen. Bedrifter kan teikne institusjonsmedlemskap. Institusjonsmedlemskap gir ikkje stemmerett på landsmøtet.

Organisasjonen kan tilby tenester til medlemsgrupper mot godtgjersle. Denne vert fastsett av styret. Oikos kan utnemne æresmedlemer. Dette skal gjerast av landsmøtet etter forslag frå styret.

§ 4 Organisasjonen

Hovudorganisasjonen består av Medlemer (§3), Landsmøtet (§5), Valnemd (§7), Landsstyret (§8), Leiing (§9), Utval og faggrupper (§10), Regionlag og fylkeslag (§11), Lokallag (§12), Produsentlag og forbrukarlag (§13) og Ren Mat (§14).

§ 5 Landsmøte

Landsmøtet er det høgste organet i organisasjonen, og vert halde innan utgangen av juni. Landsmøtet vert innkalla av landsstyret. Landsstyret har ansvaret for å gjere landsmøtet kjent i brev

til region- og lokallag minst seks veker før landsmøtet. Alle saker som skal opp på landsmøtet, skal vere landsstyret i hende fire veker før landsmøtet. Innkalling med sakliste og sakspapir skal sendast utsendingar, styret og andre påmelde seinast to veker før landsmøtet.

Kwart lokallag har rett til ein utsending pr. påbyrja 20 medlemer. Eit lokallag kan likevel ikkje ha meir enn to utsendingar. Kvart regionlag har rett til tre utsendingar. Kvart fylkeslag har rett på 2 utsendingar. Utsendingar får dekt reise etter rimelegaste reisemåte.

Landsmøtet vel eit styre på 7 medlemer og 3 varemedlemer i prioritert rekjkjefølgje.

Landsmøtet skal:

1. Godkjenne innkalling
2. Velje to referantar, tellekorps og to til å underskrive protokollen saman med møteleiar
3. Handsame hovudorganisasjonen si årsmelding
4. Handsame hovudorganisasjonen sitt rekneskap og revisor si melding
5. Fastsetje årleg kontingen
6. Fastsette refusjon av medlemskontingent til region-, fylkes- og lokallag, og til eit aktivitetsfond
7. Fastsetje godtgjersle for tillitsvalde
8. Handsame vedtektsendringar og vedtektsmal for region-, fylkes- og lokallag.
9. Handsame politisk plattform
10. Handsame handlingsplan og budsjett
11. Handsame andre saker nemnde i innkallinga
12. Velje:
 - Styreleiar kvart år
 - Nestleiar kvart år
 - Fem styremedlemer; for to år om gongen (der to eller tre medlemer skal bytast ut kvart år etter tur).
 - Tre varemedlemer; for eitt år om gongen i prioritert rekjkjefølgje
 - Ordstyrar med vararepresentant for kommande landsmøte
 - Revisor; for eitt år om gongen
 - Valnemnd
 - Redaksjonsråd

Landsmøtet er ope for alle medlemer, men det er berre dei valde utsendingane som har røysterett.

Landsstyret sine medlemer har røysterett i alle saker med unntak av årsmelding og rekneskap.

Avrøystingar på landsmøtet skal vere skriftlege dersom nokon krev det. Personval er alltid skriftleg der det vert stilt motkandidat.

Landsmøtet treffer sine avgjersle ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetall skal det haldas ny avrøysting. Dersom røysteresultatet er likt ved andre gongs avrøysting, vert maka avgjord ved loddtrekking. Dersom ingen av kandidatane ved val får meir enn halvparten av dei avgitte røyster, skal det haldast omval. Oppnår ingen av kandidatane meir enn halvparten av røystane ved andre valomgang, skal det haldast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest stemmer i andre valomgang. Blir røystetalet likt i tredje valomgang, avgjerast valet ved loddtrekking.

§ 6 Ekstraordinært landsmøte

Landsstyret skal kalle inn til ekstraordinært landsmøte når minst tre regionlag, eller tre fylkeslag eller landsstyret krev det. Dei som krev ekstraordinært landsmøte har rett til å få handsama dei sakene

som er nemnde i kravet om landsmøte. Det skal kallast inn med minst tre vekers varsel. Det ekstraordinære landsmøtet kan berre handsame sakene i innkallinga. Sakspapir skal sendast ut to veker før ekstraordinært landsmøte.

§ 7 Valnemnd

Landsmøtet vel ei valnemnd på tre personar og ein varamedlem. Valperioden er tre år, og ein av medlemene vert skifta ut kvart år. Den som har sete lengst er leiar. Valnemnda skal kome med framlegg til landsmøtet på kandidata til alle personal på landsmøtet, og godtgjersle for tillitsvalde. Det skal takast omsyn til geografi, kjønnsfordeling og fagleg samansetjing. Valnemnda skal vurdere eventuelle framlegg frå Biologisk-dynamisk Foreining på val av styremedlem i si innstilling til landsmøtet. Valnemnda har ansvar for at alle føreslegne kandidatar er spurde.

Valnemnda har ansvar for å hente inn framlegg på kandidatar frå region- og lokallag innan tidsfristen for landsmøtet. Seier ein frå seg verv, skal dette skje skriftleg til valnemnda. Framlegget frå valnemnda skal sendast ut med sakspapira til landsmøtet.

§ 8 Landsstyre

Landsstyret er det høgste organet i organisasjonen mellom landsmøta.

Landsstyret skal:

- leie hovudorganisasjonen sitt arbeide i samsvar med lover og vedtak
- tilsetje og avsette dagleg leiar og utarbeide stillingsinstruks for denne
- ha det overordna ansvaret for at handlingsplanen som landsmøtet vedtek vert fulgt
- fylgje opp vedtak, avtalar og planar frå landsmøtet
- gje uttrykk for laget sitt syn til presse, styresmakter etc.
- setje saman utval og faggrupper, fastsetje mandat og velje representantar til desse forvalte aktivitetsfondet og behandle søknader om støtte frå utval, faggrupper og lag.
- fastsetje mandat for redaksjonsrådet
- ha ansvar for økonomistyring; budsjett, rekneskap og revisjon
- sende rekneskap til godkjent revisor slik at revisjonsmelding kan sendast ut med sakspapira til landsmøtet
- syte for at region- fylkes- og lokallag vert involverte i viktige saker
- ha ansvar for førebuing og tilskiping av landsmøtet

Landsstyret har 7 medlemer. Landsstyret held møte når styreleiar eller 3 av styremedlemene ønskjer det. Gyldig vedtak i styret krev at minst 4 stemmer for vedtaket.

§ 9 Leiing

Styreleiar er den øvste leiaren i organisasjonen mellom styremøta. Dagleg leiar er den øvste leiaren for sekretariatet. Styreleiar eller dagleg leiar forplikter organisasjonen ved underskrifta si.

§ 10 Utval og faggrupper

Utval og faggrupper i organisasjonen som førebur og/eller fremjar organisasjonen sine interesser blir oppretta av landsstyret. Dei setjast saman slik at representantane speglar føremålet til utvalet. Landsstyret syter for at mandat og funksjonstid er klart definert.

Utvalet eller faggruppa er rådgjevande overfor landsstyret og kan fremje forslag til vedtak i landsstyret.

§ 11 Regionlag og fylkeslag

Oikos skal ha regionlag eller fylkeslag i alle delar av landet og det er laga i høvesvis ein region eller eit fylke som gjer vedtak om dei opprettar eit region- - eller fylkeslag. Alle medlemer av organisasjonen med postadresse i ein region er medlemer i regionlaget og tilsvarande i eit fylkeslag. Regionlag og fylkeslag skal vere bindeledd mellom lokallag og hovudorganisasjonen.

Regionlag og fylkeslag skal fylgje vedtektsmal for regionlag og fylkeslag, fastsett av landsmøtet. Eventuelle tilpassingar kan gjerast, dersom dei ikkje er i strid med hovudorganisasjonen sine vedtekter og mål. Regionlaget og fylkeslaget får utbetalt refusjon av medlemskontingent fastsett av landsmøtet.

Region- og fylkeslag skal arbeide for å:

- fremje kandidatar til ulike tillitsverv i organisasjonen
- synleggjere organisasjonen sitt arbeid
- sikre medlemsoppslutning regionalt/fylkesvis og lokalt
- utvikle aktivt samarbeid med landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen i kvart fylke
- fremje samarbeid med andre aktuelle aktørar
- drøfte og sikre regional påverknad på saker som skal opp til handsaming i hovudorganisasjonen
- stimulere til auka aktivitet i lokallag gjennom samordning og formidling av lokale og regionale aktivitetar.

Følgjande minstekrav gjeld for vedtekten i region- og fylkeslag:

- årsmøte i region-/fylkeslaget skal vere gjennomført i god tid før landsmøtet i hovudorganisasjonen
- region-/fylkeslaget skal velje representantar til landsmøtet i Oikos
- region-/fylkeslaget skal sende inn til hovudkontoret godkjend årsmelding, der det går fram kven som er valde til leiar og styremedlemer, og kven som skal representere lokallaget på landsmøtet
- berre medlemer som har betalt kontingent, har røysterett på lagets årsmøte.

§ 12 Lokallag

Ei samling av medlemer i eit område kan utgjere eit lokallag.

Det krevst minst 3 medlemer av hovudorganisasjonen for å skipe eit nytt lokallag. Alle medlemer av organisasjonen med postadresse i lokallaget sitt område er lokallagsmedlemer. Lokallaget skal fylgje vedtektsmal for lokallag, fastsett av landsmøtet. Eventuelle tilpassingar kan gjerast, dersom dei ikkje er i strid med hovudorganisasjonen sine vedtekter og mål. Lokallag får utbetalt refusjon av medlemskontingent fastsett av landsmøtet. Medlemene av lokallaget er automatisk medlem av Oikos.

Følgjande minstekrav gjeld for vedtekten i lokallag:

- årsmøtet i lokallag skal vere gjennomført i god tid før landsmøtet i hovudorganisasjonen
- lokallaget skal velje representantar til landsmøtet i Oikos.

- lokallaget skal sende inn til hovudkontoret godkjend årsmelding, der det går fram kven som er valde til leiar og styremedlemer, og kven som skal representere lokallaget på landsmøtet
- berre medlemer som har betalt kontingen, har røysterett.

§ 13 Produsentlag og forbrukarlag

Produsentmedlemer og forbrukarmedlemer i Oikos kan gå saman og danne Oikos produsent- eller Oikos forbrukarlag. Desse arbeider innanfor Oikos sine vedtekter med vekt på det som er naturleg produsentretta eller forbrukarretta saker og spørsmål.

Dersom det er eit lokallag i kommunen/kommunane som produsent- eller forbrukarlaget dekker vert dei eit underlag til dette lokallaget. Produsent- og forbrukarlag mottek frå Oikos refusjon pr. medlem som lokallag om det ikkje er lokallag i kommunen/kommunane der medlemene bur. Der det også finnast lokallag får dei 50% av refusjon lokallaget normalt skal ha for tilsvarende talet på medlemer. Dersom det ikkje er lokallag i kommunen/kommunane har produsentlaget og forbrukarlaget rett på utsendingar til Landsmøte som eit lokallag, dersom det er lokallag i kommunen/kommunane har dei rett på 1 utsending per produsent- og forbrukarlag.

Produsent- og forbrukarlag må følgje minstekrava til vedtekten for eit lokallag i § 13.

§ 14 Ren Mat

Oikos er utgjevar av magasinet, "Ren Mat". Dette skal arbeide i samsvar med føremålsparagrafen til organisasjonen. Skal magasinet ta slutt må det avgjerast av landsmøtet.

"Ren Mat" har ei fri og uavhengig redaksjonell linje og skal arbeide etter redaktørplakaten, der mellom anna "vær varsam"- plakaten inngår. Ren Mat skal vere medlem av Fagpressa.

Landsmøtet vel eit redaksjonsråd for Ren Mat. Redaksjonsrådet er rådgjevande organ for landsstyret og redaktøren, og skal sikre samarbeid mellom redaksjonen og landsstyret. Rådet skal ha fire medlemer der minst to er medlem i Oikos, og ein av medlemene skal vere medlem i Landsstyret. Valperioden er eitt år. Rådet skal i samarbeid med redaktøren utarbeide langsigktige mål og strategiar for magasinet til landsstyret. Redaktøren skal førebu saker og møte som sekretær i rådet.

§ 15 Utmelding

Utmelding må skje skriftleg. Eit medlem som etter påkrav ikkje har betalt kontingenenten i eit år kan strykast som medlem.

§ 16 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar må ha 2/3 fleirtal på landsmøtet for å bli vedtekne. Lokallag, regionlag, fylkeslag eller landsstyret kan kome med framlegg om endring av vedtekter. Framlegg om slike endringar skal sendast landsstyret seinast fire veker før landsmøtet.

§ 17 Oppløysing

Organisasjonen kan oppløysast med vedtak på to påfølgjande landsmøte. På ordinært landsmøte krevst det 3/4 fleirtal, medan det på eit ekstraordinært landsmøte krevst simpelt fleirtal. Landsmøtet avgjer med simpelt fleirtal disponering av organisasjonens aktiva ved oppløysing. Eit eventuelt overskot førast tilbake til saker som ligg innafor organisasjonen sitt føremål.



Vedtekten er sist endra: 16.3.2013